



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato
20.04.2017
Dykkar dato
18.04.2017

Vår referanse
2017/1676 632.3
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Tildelingsbrev - Lindås kommune - Midlar til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar 2017 - prosjekt 62069

Fylkesmannen i Hordaland tildeler **kr. 111 500** til Lindås kommune, kontonummer 3201 05 89311.

Kommunen fekk i 2016 innvilga kr. 22 500 til symjeopplæring for 15 elevar. Rapporten frå kommunen for 2016 syner at 10 elevar fekk symjeopplæring. Fylkesmannen har redusert tilskot for 2017 med kr. 7 500 som tilsvarar 5 elevar i 2016.

Tilskotet skal bidra til at kommunen kan gjennomføre symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar som er omfatta av grunnskoleopplæringa. Målet for tilskotet er å redusere risikoen for ulykker i forbindelse med bading og å setje elevane betre i stand til å oppnå kompetansemåla i læreplanen.

Kommunen skal rapportere til fylkesmannen på kor mange som har gjennomført symjeopplæring. Det skal også rapporterast på kor mange timar symjeopplæring som er gitt. Frist for rapportering er **1. desember 2017**.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Anne Hjermand
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

